

Årsmøte Misje Bygdalag 2012

Årsmelding Misje Bygdalag 2011.

Styrets samansetning:	Sigrid Marie Mikkelsen	leiar	- held fram eit år til
	Runar Vildskog	nestleiar	- på val
	Lisbeth Turøy	styremedlem	- på val
	Ingunn Nordvik	kasserar	- held fram eit år til
	Linda Solheim	sekretær	- held fram eit år til
	Krzysztof Mikanik	styremedlem	- held fram eit år til
	Roger Ølmheim	styremedlem	- på val

Tal på betalande medlemmar i Misje Bygdalag: 69

Tal på styremøte og arbeidsmøte: 8

Vi har hatt styremøta på rundgang heime hjå eit av styremedlemmane. Resterande møter er halden på skulen.

Arrangement:

- *Te "Byd'n" med Dampen* på torgdagen i juni. Desse turane verkar til å ha blitt ein suksess og ein tradisjon. Mange var med dampen frå Misje.

- *St. Hans feiring* med bål, levande musikk, sal og div leikar. Mange møtte, og Misje Bygdalag fekk mykje positiv tilbakemelding om arrangementet.

- *Medlemskveld* med kort informasjon om korleis "ståa" er i bygdalaget. Vi hadde underhaldning med diktlesing for dei vaksne og spel/film for dei små. Vi hadde åresal og mange flotte gevinstar. Det var ca 50 til stades og vi hadde ein kjekk kveld. Det var også sal av kaker og kaffi. Bygdalaget gjekk med overskot.

- *Lefsebakekurs* i november med Cindy Bibow. Det var 7 påmeldte frå bygda. Veldig kjekt og veldig lærerikt. Vi hadde 4 kurskveldar. 2 kveldar på skulen og 2 kveldar i Bakehuset i Blomvåg. Det vart veldig gode lefser og flatbrød.

- *Advents opning* vart tradisjonen tru arrangert av Bygdalaget første søndag i advent. Det var dårleg ver, så det vart ikkje gått rundt juletreet ute. Linda Ekeland song og Idar Ørjansen spelte i gymsalen. Full gymsal med vaksne og barn. Alle koste seg.

Museet:

Opningstider: Kvar søndag i juni og juli 1600 – 1800

Museet hadde ope kvar søndag i sommarmånadane og 75 personar var innom dørene, barn ikkje medrekna. Alle som blei spurt om å vera vertskap var positive til å ta ei økt.

Etter kvart må vi gjerne skifta litt på utstillinga. Bilete har falma, og må fornyast.

Tilkomsten til museet er litt problematisk, men her har skulen eit prosjekt på gang som dei har starta på og som dei kjem til å fortsetje med utover våren. Prosjektet heiter «Vern eit kulturminne». Dei eldste elevane på skulen vil køyre på grus, ordne trapper, luke ugras etc.

Saker Bygdalaget har arbeida med i tillegg til arrangement nemnt over:

- Planering og tilrettelegging av ”rundkjøring med benkar” ved vatnet. Saken er starta, men ein god del arbeid og kostnadar står att. Det er planar om å laga ei fin flate med beleggingstein med et par gode sittebenker. I tillegg har ein ide om å bruke ein stor gammal propell frå ein av dei gamle båtane frå Misje som eit slags minnesmerke/pynt i midten av anlegget. Vi har fått tilskot frå kommunen til vern av kulturminne til dette prosjektet på kr 3000. Vi har også fått 10 000 kr som vi måtte bruke før året var omme til dette prosjektet. Dette har vi brukt til sand/stein. Vi har saken på anbod og vil vurdere to alternativ. Det er ei arbeidsgruppe som held på med dette.
- Søknad til kommunen om driftsmidlar. Dette har vi fått. (sjå rekneskap)
- Samarbeid med FAU vedr sak om mulig nedlegging av skulen. (ref FAU). Vi har hatt ei arbeidsgruppe som har arbeidd med dette. Grappa består av ein frå bygdalaget og nokon frå utsida. Dei kontakta alle partia når det var val for å finne ut kva alle partia meinte om skulenedlegging av Misje skule. Grappa orienterer seg om korleis ”ståa” er og held møter når det trengs.
- Kommunen har vore og utvida svingen ved vatnet etter år med purring frå bygdalaget. No går det an å passere med to bilar. Dei har også ordna drenering ved snuplassen.
- Dokumentasjon av gamle stadnamn på Misje. Saka held framleis på, men er ikkje fullført. Planen er å nytta nokon av ”dei eldste” på Misje til å dokumentere stadnamna på eit kart som kan bli mangfaldiggjort for medlemmer og andre interesserte.
- Misje bygdalag har ei side på nettet som heiter Misje.org. Her ligg vi ut bilete, nyhende og ulik informasjon. Misje Bygdalag har også ei side på facebook der vi legg ut ulik informasjon.
- Misje Bygdalag har eit medlem som er med i styret i Landro Samfunnshus.
- Misje Bygdalag har støtta Misje Fotballklubb med kr 3000,-.
- **Ingen innkomne saker til Årsmøtet:**
 - o Årsmøtevedtak:

Misje Bygdalag 15.2. 2012